

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 16.06.2010

- 15/10 SKRIV OG MELDINGAR
- 16/10 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN 2009 FOR GULEN KOMMUNE
- 17/10 GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2009 FOR GULEN KOMMUNE
- 18/10 DRIFTSRAPPORT 1. TERTIAL 2010 MED REVISJON AV BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN
- 19/10 STATUSLISTE – EFFEKTUERING AV KOMMUNESTYREVEDTAK
- 20/10 SEKOM – UTVIDING AV SAMARBEIDET MED NORDFJORDKOMMUNANE
- 21/10 KOMPETANSEPLAN FOR SKULAR OG BARNEHAGAR 2010/2011
- 22/10 SYMJBASSENGET I EIVINDVIK - REHABILITERING
- 23/10 OPPREISINGSORDNING I SOGN OG FJORDANE FOR OMSORGSSVIKT/OVERGREP MOT BARN UNDER KOMMUNAL OMSORG
- 24/10 REDUKSJON AV OMSORGSTENESTA I GULEN KOMMUNE OG KONSEKVENSAV DET
- 25/10 STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN
- 26/10 SÆRSKILTE BRANNOBJEKT ETTER § 13 I BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 13.00.
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i Ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Trude Brosvik
Ordførar

Serviceskyss i Gulen

No startar vi opp med serviceskyss. Det vil seie tingsruter med drosje på bestemte dagar inn mot

Dalsøyra, Eivindvik, Byrknes og Brekke. Turane vil omfatte handling av varer for dei som ønskjer det og / eller kafe-besøk. (Det siste vil vi få til i lag med td. pensjonistlaget) Eigenbetalinga vil vere kr. 15,00 pr tur.

Ruter:

Dalsøyra: 3. og 17. juni, ikkje rute i juli, 5. og 19. august, 2., 16. og 30. september, 14. og 28. oktober.



Ein vil vere på Dalsøyra ca. 15.30.

Turar kan tingast på telefon 908 83829, innan kl 18.00 dagen før.

Eivindvik: 4. og 18. juni, ikkje rute i juli, 13. og 27. august, 10. og 24. september, 8. og 22. oktober
Ein vil vere i Eivindvik ca. kl. 10.00.

Turar kan tingast på telefon 907 68644, innan kl 18.00 dagen før.

Brekke: 9. og 23. juni, ikkje rute i juli, 11. og 25. aug., 8. og 22. sept., 6. og 20. okt.
Ein vil vere på Brekke ca. kl 16.00

Turar kan tingast på telefon 907 68644, innan kl 18.00 dagen før.

Byrknesøy: 9. og 23. juni, ikkje rute i juli, 4. og 18. august, 1., 15. og 29. september, 13. og 27. oktober.
Ein vil vere på Byrknes ca. kl. 16.00.

Turar kan tingast på telefon 922 81877, innan kl. 18.00 dagen før.

Det kan bli lokale variasjonar på dette. F.eks at pensjonistlaget vil endre møtedag. Drosa vil vere den som til ei kvar tid er oppdatert.
Retur frå tettstaden vil verte etter ca. 2 timar. Ein kan sjølv sagt også kombinere turen med servisskyss eine vegen og vanleg buss andre vegen.

Ordninga vil bli gjennomgått og evaluert ved slutten av året. Vi håpar dette blir ein suksess, og at det vil gje eit godt tilbod til unge og gamle som treng skyss.

Ekstravedlegg:

**Merknader til kommunedelplan
Steine Sløvåg Skipavika**

Årsmelding 2009

Er du eigar av jordbruksareal?

Sommaren 2009 kom det nye reglar for driveplikta på alt jordbruksareal. Det nye no er at alle som eig eigedomar med jordbruksareal har driveplikt på dette arealet i heile si eigartid. Dette gjeld altså også for "gamle" eigarar av slik eigedom som etter det tidlegare lovverket berre hadde driveplikt dei fyrste 5 åra etter eigarskifte. Jordbruksareal vert definert som fulldyrka og overflatedyrka jord og innmarksbeite.

Driveplikta kan oppfyllest personleg eller gjennom avtalar om bortleige av jorda. Dersom jorda skal leigast ut, må leigaren drive landbruk og avtalen skal gjelde for 10 år. Utleigar kan ikkje seie opp avtalen i denne perioden utan ved mislegemeld. Eksisterande avtalar om leige gjeld, men ved avtalen sin slutt må det skrivast ny avtale etter dei nye reglane. Kommunen skal ha ein kopi av inngått avtale. Ein kan søkje om fritak frå driveplikta.

Landbrukssidene på www.gulen.kommune.no har meir informasjon om dette temaet – mellom anna kan ein finne eit framlegg til leigekontrakt. Ta kontakt med landbrukskontoret dersom det dukkar opp spørsmål.

Kommunal koordinator

Gulen kommune har oppretta ei ny stilling som kommunal koordinator. Denne skal syte for at barn, unge og vaksne med behov for langvarige og samansette tenester får dei tenestene dei har krav på.

Wenche Leite er tilsett som koordinator. Ho er å treffe på Gulen sjukeheim:

Torsdag og fredag 57 78 16 88/ 970 09 495

Flyfoto frå Gulen kommune

No er det på ny mogeleg å sjå flyfoto frå Gulen. Vi har flytta bileta frå den gamle heimesida over til den nye. Flyfotoa er tekne i 1960-åra. Du finn dei på heimesida under "Gulen i bilete – Flyfoto".



Vedkomande husnummerskilt

Minner om at vi framleis har ein del husnummerskilt liggande i ekspedisjonen her på kommunehuset.

Har du henta ditt?

Hei alle born og unge i Dalsøyra krins



Fjelltrimgruppa ynskjer å motivere barn og unge til å verte meir aktive fjelltrimmarar. For sommar sesongen (1. mai – 1. november) vert det difor premiering til dei mest aktive. For den som får mest poeng (av dei som går til gull) er premien gåvekort på kr. 500,- i ein sportsbutikk. Premiering i aldersgruppene; 6-9, 10-13, og 14-16 år. Håper å sjå mange aktive "fjellgeiter" i sommar !!

Er du usikker på kor du finn turløypene i din krins, ta kontakt med
Britt Steine mob. 995 31 137
Anne Grete H. Opdal mob. 971 91 059
Reidun K. Halland mob. 974 60 698


Mvh Fjelltrimgruppa.

Takk

Langtidsavdelinga ved Gulen sjukeheim vil med dette få takke for minnegåva etter Kitty Birknes sin bortgang. Hjartelig takk.

Mvh
Personalet og pasientar ved langtidsavdellinga
v/ Sissel Kvame, avd.spl.
Nina Haveland Sleire, einingsleiar.

Bebuarar og tilsette ved Dalsøyra bu og omsorgssenter vil sende ei stor sommarhelsing til Britt Jane Lihaug. Ho køyrer bebuarar på butikken ein gong i veka slik at dei får handle. Klarar dei ikkje å handle sjølv, gjer ho det for dei. God sommar Britt Jane!



Mvh Bebuarar og tilsette ved Dalsøyra bu og omsorgssenter
Therese Kjelby Asheim (einingsleiar)

"Alle andre får lov!"

Kjære tenåringsforeldre har de hørt denne før?

Vi i samarbeidsgruppa har fått fleire førespurnader om temakveld frå dykk. Aktuelle tema kan vere;



- "NETTVETT" – Facebook, internett, mobil
- RUSBRUK blant ungdom
- KVAR GÅR GRENSA? – kan foreldre diskutere felles grenser?
- ANNA FORSLAG:

Sett kryss ved det temaet du/de ynskjer. Send forslaget snarast til:

Jens Linde mob: 975 09 035, e-post; sokneprest.gulen@gulen.kommune.no eller 5966 Eivindvik.

Helsing samarbeidsgruppa; Hennie Lefdal, Ivar Holmås, Jane Hesjedal, Tommy Norman og Jens Linde.

Dette skjer i kyrkja

12. juni kl. 12.00:
Gudsteneste på
Tusenårsstaden Gulatinget

20. juni kl. 11.00:
Gudsteneste i Brekke
kyrkje



27. juni kl. 11.00:
Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

4. juli kl. 11.00:
Gudsteneste i Mjømna kyrkje

11. juli kl. 11.00:
Gudsteneste i Brekke kyrkje

18. juli kl. 15.00:
Familiegudsteneste på Tønnefloftet i Dingja

25. juli kl. 11.00:
Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

1. august kl. 13.00:
Utegudsteneste på Skjerjehamn

8. august kl. 19.30:
Gudsteneste i Brekke kyrkje

15. august kl. 11.00:
Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

22. august kl. 19.00:
Gudsteneste i Mjømna kyrkje

29. august kl. 11.00:
Gudsteneste i Brekke kyrkje

29. august kl. 15.30
Familiegudsteneste på Byrknes Bedehusapell

NAV GULEN



Frå 1. juni kjem Frikort 1 automatisk i posten. Eigenandeler for drosje skal sendast til og med 31.12.10: Pasientreiser, Postboks 2533; 3702 Skien.

Frå 1. juni skal søknad om Frikort 2 sendast Helfo Region Vest, Postboks 14, 4097 Sola.

Sjå www.pasientreiser.no og www.helfo.no for meir informasjon og søknadsskjema.

Aktuelle telefonnummer:

Pasientreiser tlf: 05515
Helfo Servicetelefon: 815 70 030
Frikorttelefonen: 815 70 050
Fastlegetelefonen: 810 59 500
Ny alderspensjon tlf: 21 07 40 00
NAV Servicesenter tlf: 800 33 166
NAV Gulen tlf: 57 01 63 20

Retningslinjer for TT-ordninga i Sogn og Fjordane.

Tilrettelagde transportar (TT-ordninga) er meint å vere eit tilbod om drosjetransport til personar som er varig forflyttingshemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming.

I St.meld. nr 92 (1984 - 85) "Om transport av funksjonshemmede" er funksjonshemma definert slik:

"Som funksjonshemmet regnes person som ikke uten vesentlige vanskeligheter kan bruke vanlige kollektive transportmidler."

Transporttenesta er meint å vere eit tilbod om drosjetransport til personar som er varig forflyttingshemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming. Det er ein intensjon å prioritere personar med livslang forflyttingshemming.

Transporttenesta er i utgangspunktet eit tilbod om fritidsreiser, men kan nyttast til alle typar reiser med unntak av:

- Reiser som blir betalt av NAV/Pasientreiser. Eigendel ved slike reiser skal transportbrukar betale sjølv på lik line med andre som reiser for trygda si rekning
- Reiser til/frå skule
- Andre reiser betalt av det offentlege



Godkjenning av transportbrukarar

Kommunane godkjenner personar etter søknad på fastsett søknadsskjema. Person som er godkjend som tt-brukar i anna fylke, må søkje om ny brukargodkjenning ved flytting til Sogn og Fjordane.

Person som er godkjend som tt-brukar i Sogn og Fjordane, men som flyttar innan fylket, treng ikkje å søkje på nytt. Brukaren blir å registrere som brukar i sin nye heimkommune. Kommunane blir oppmoda om å skipe ei godkjenningsemnd for å avgjere søknader.

Kven vert ikkje omfatta av ordninga?

Funksjonshemminga skal være varig og må vare i minst 1 år for at søkjar skal kunne godkjennast. Graden av forflyttingshemming skal leggjast til grunn, ikkje type funksjonshemming eller alder. Transporttenesta er ikkje meint å vere ei erstatning for eventuelt manglande busstilbod eller til dømes lang veg til haldeplass eller avsesliggjande bustad.

Prioritering av søkjarar

Ved prioritering av søkjarar vert brukarane prioritert etter ikkje skjønsmessig vurdering og ei skjønsmessig vurdering. Brukarar som ikkje har ei skjønsmessig vurdering har førsteprioritet. Retningslinene seier følgjande:

Ikkje skjønsmessig vurdering, førsteprioritet
- Rullestolbrukarar og blinde skal godkjennast utan omsyn til mottak av eventuell grunnstønad til transport/stønad til eigen bil frå folketrygda.

- Søkjar som er godkjend tt-brukar i anna fylke, men som flyttar til Sogn og Fjordane, og som oppfyller godkjenningssvilkår

Skjønsmessig vurdering/prioritering

- Søkjar med varig livslang forflyttingshemming skal prioriterast
- Søkjar (ikkje rullestolbrukar, blind, jfr.2.3 .1) som mottok grunnstønad til transport/stønad til eigen bil frå folketrygda, kan prioriterast etter søkjar utan slik stønad.
- Søkjar med varig forflyttingshemming, men mest knytta til visse delar av året, kan prioriterast etter søkjar med konstant varig forflyttingshemming.

Søknadskjema for tilrettelagt transport får du hos NAV Gulen, eller på www.sfi.no.

For nærare informasjon om TT-ordninga i Sogn og Fjordane, kontakt:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Regionalavdelinga v/Oddveig Hove
Tlf: 57 65 62 43.

Gulatingsfesten 12. juni



Kl. 12.00–13.00: Gudsteneste med skaparverket i sentrum. Ordførar Trude Brosvik, miljøkonsulent Lars Ove Kvalbein, diakon Tore Brudvik og sokneprest Jens Linde deltek. Musikalske innslag av barnekor og gospelsongarar.

Kl. 13.00–17.00:
- Marknadsboder, lokale produsentar stiller ut sine produkt.
- Hoppeslott, ansiktsmåling, "Elias"-båt.
- Tilbod om RIB-båttur (fjord rafting) og paintball.
- Trekning av loddbok.
- Boccia-spel, sandvolleyballturnering.
- Sal av mat og drikke.

Kl. 17.00–20.00: Musikk og servering

Kl. 20.00–02.00: Dans med 15 års aldersgrense. Musikk ved oppedal Blues band og Krutrøyk.

Bill. dag kr 100,-
Fam. kr 200,-
Kveld kr 200,-


Born under 6 år gratis

Arr: Gulatingets venner

MERKNADER TIL KOMMUNEDELPLAN STEINE SLØVÅG SKIPAVIK, SAK 10/00320 (10/0054)

Planoppstart og planprogrammet vart leggst ut på høyring og offentleg ettersyn frå den 12. mars 2010 til og med 23. april 2010, utvida til og med 5. mai 2010. Etter grendamøte den 25. mars 2010 kom totalt 19 merknad og innspel innan fristen. 7 av denne har forbindelse med planprogrammet og prosessen i planarbeidet og behandlast i Formannskapsmøte den 3. juni 2010. I nedafor tabellen står oppsummeringen av innspel i forhold til arealplankart med eige nummer til kvart område i planen. Nummer og farge visar til vedlagt kart.

kart-NR	Gbnr (dok)	AVSENDER	KVA	SAMANDRAG
1	78/3	Morton Nilsen, (skriv ved Bjørnar Leif Vik)	fritidsbustader	hyttefelt, sjå tidlegare innspel om kp2007, vart ikkje vurdert i KU
2	78/3	Morton Nilsen, (skriv ved Bjørnar Leif Vik)	næringsvirksomhet	bensinstasjon med detaljhandel med mer, sjå tidlegare innspel om kp2007, vart ikkje teke med ved vidare arbeid i KP2007
3	78/1	Ivar Offerdal	fritidsbustader	oppretthalda innspel datert 23.8.2001, forslag for fritidsbustader / heilårs bustadfelt og marina / serviceområde
4	78/10,53	Cato Lindseth, Ivar Moe	småbåthamn	sjå e-post 5.5.10 og 12.4.10
5	78/4	Einar Oppedal	bustadfelt	Eigar av tomt gje kommune moglegheit for å utvikle det som bustadfelt. I dag er det prioritert som spreidd bustadfelt. Tidlegare handsome og registrert som innspel 54
6	0/0	Fiskeridirektoratet	akvakultur	leggje inn på kart lokalitet 11700 Storeneset (A)
7	65/2	Eidsbotn vel	anna byggeverk	ved saga (rasteplass), mogleg for utvikling av plassen t.d. grindebygg
8	61/2 64/4	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	naust	eidsbotn, i kombinasjon med noverande spreidd bustadfelt
8	61/2 64/4	Eidsbotn vel	naust	naust, badevik, flytebrygger
9	0/0	Fiskeridirektoratet	fiskeri	På kart fiskefelt Bradangarfjorden og låssettingsplass Eidsbotn
10	79/4	Arve Osland	adkomstveg	punkt 2: veg som forbinder Skipavik frå Byrknesvegen FV4 til industriområdet
11	61/1,2,3	eigarane 61/1,2,3	bustadfelt / småbåthamn	ny bustadfelt nordover av Steinsvågen og småbåthamn i vågen
11	61/1,2,3	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	bustadfelt	området frå Steinsvågen og nordover
12	62/-	Eidsbotn vel	gang sykkelveg	bør utvidast mot sløvåg-Steinsvåg
13	61/1,2,3	eigarane 61/1,2,3	kombinert, næringsvirksomhet og offentleg ten	ny butikk, søvisbygg, skule, barnehage
14	61/1/2	Eidsbotn vel	spreidd bustadfelt	bustadtomter får eidsneset - Steine
15	79/4	Arve Osland	næringsvirksomhet	punkt 1: forlenging av industriområde mot nord
17	sjø	Eidsbotn vel	fleire tiltak	Steinsvågen, fleirbrukshall, lettare næring, hustomter nordover, naustklynge, badevik
18	61/1,2,3	eigarane 61/1,2,3	næringsvirksomhet	ny fleirbrukshall
18	61/1,2,3	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	næringsvirksomhet	fleirbrukshall i Steinsvågen
18	61/1,2,3	arbeidsgruppa for symjehall i Sløvåg	offentlege ...	fleirbrukshall i Steinsvågen, areal for næring og offentlege tenester
19	62/3	Jon-Ivar Steine	hytte	punkt 2: ei litta hytte
20	62/3	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	naust	steinsvågen
20	62/3	Jon-Ivar Steine	naust	punkt 1: naust, - klynge, båtplass, i ny PBL som §11.11 -2 tilknyta til bustad
21	62/3	Jon-Ivar Steine	adkomstveg	punkt 3: traktorveg / skogsveg
22	79/4	Arve Osland	hamn	punkt 3: moglege kaiannleg
23	79/4	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	næringsvirksomhet	arealet frå ferjekai på Skipavik og nordover må regulerast til næring i søre delen
24	62/1	Terje Wergeland	næringsvirksomhet	punkt 4: utviding industriarealet nordleg retning
25	62/1	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	næringsvirksomhet	arealet frå Sløvåg ind. tom Steinsvågen må regulerast til lettare næring, sosiale tenester og naustklynge
26	62/11+	Jon-Ivar Steine	spreidd bustadfelt	punkt 4: spreidd bustadfelt
27	62/3	Jon-Ivar Steine	spreidd næringsbebyggelse	punkt 10: landbruksbygg
28	61/-	Eidsbotn vel	samferdsel	veglys langs eide-steine-halskvik-hovden
29	62/11	Jon-Ivar Steine	spreidd bustadfelt	punkt 5: spreidd bustadfelt
30	61/-	Eidsbotn vel	offentlege ...	lettare næring som barnehage, skule, ballbinge, butikkar, bensinstasjon, eventuelt fleirbrukshall
30	x	administrasjonen	fleirbrukshall	stadanalyse for plassering fleirbrukshallen



kart-NR	Gbnr (dok)	AVSENDER	KVA	SAMANDRAG
30	x	administrasjonen	barnehage	undersøking plassering i forhold til bustadutvikling
30	x	administrasjonen	næringsvirksomhet	stadanalyse for framtidsutvikling i samheng med bustadutvikling
31	62/3	Jon-Ivar Steine	bustad	punkt 6: hustomt
32	62/3	Jon-Ivar Steine	anna byggeverk	punkt 7: privat vindmølle
33	62/3	Jon-Ivar Steine	spreidd næringsbebyggelse	punkt 9: ny fjøs i dette området
34	62/3	Jon-Ivar Steine		punkt 8: veg + skogshytte til utleige
35	62/8	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	offentlege ...	flytte barnehage frå hovden til platå under Kistefjellet, andre samfunnsfunksjonar: samfunnshus, skule, gravplass, osv...
35	62/8	Eidsbotn vel	offentlege ...	barnehage
36	63/2	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	forretning	strekninga langs FV57 frå Steine og til Sløvåg ind. Må ha plass for letarre næring, handel og overnatting
37	63/15	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	næringsvirksomhet	Ved hovudinnkøyring til Sløvåg ind. Må ha plass for letarre næring, handel og overnatting
37	63/15	Sløvåg Næringsbygg AS	næringsvirksomhet	næring og handel på utkanten av utbyggingsplan Sløvåg 14112002002
37	63/15	Eidsbotn vel	næringsvirksomhet	støtter plan om næringsbygg i Sløvåg
38	63/1	Jarle Halsvik	spreidd bustadfelt	bustadfelt mellom hammarslag og veg
39	63/15+	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	spreidd bustadfelt	fortetting -> 'strøtomtar'
39	x	Eidsbotn vel	bustadutvikling	fleire bustadhus i Halsvik
40	innsjø	Eidsbotn vel	badevik->...	Badevik ved Steinsvatnet
41	62/1	Terje Wergeland	bustadfelt	punkt 3: bustad
42	62/37	helge og Kristi Fivelsdal	bustadfelt	Leggje inn på kart noverande bustadfelt
43	62/2	Terje Wergeland	bustadfelt	punkt 2: utviding hovden II og noverande tomt 62/37
44	63/14	Jon-Ivar Steine	småbåthamn?	punkt 13: flyttebrygge og naust
45	?	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	naust	Halsvikvågen
46	63/1	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	næringsvirksomhet	utviding til Halsvikvågen, tiltak: industri gassrelatert verksemd
46	63/1	Jarle Halsvik	næringsvirksomhet	utviding til Halsvikvågen, tiltak: industri gassrelatert verksemd, gassrørledningen vil kome i land i dette område, buffersone, tap for mitt bruk
47	sjø	Eidsbotn vel	badevik->...	Badevik ved Halsvik
48	62/12	Per Olav Berge	fritidsbustader	viser til brev 15.7 2007 tidlegare innspel i KP arbeid, registrert som nr 38
49	sjø	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	naust	Naustvågen = Postvågen
50	62/1	Terje Wergeland	fritidsbustader	punkt 1: rorbuer og hytter for utleige
51	Eidsbotn vel		naust	naustklinge i område Ildalen, til fritidsbustadfelt
52	62/3	Jon-Ivar Steine	spreidd bustadfelt	punkt 11: spreidd bustadfelt og naust
53	62/3	Jon-Ivar Steine	næring	punkt 12: fritids utleige tiltak
54	62/..	BKK NET AS	kraftledning	Planlagt 420 kV kraftlinje Modalen - Mongstad. Kommune sendte brev til BKK med vedtak om trase av kraftlinje.
55	sjø	Lindås kommune	sjø	involvere sjøområdet også
-	plan omr.	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	fritidsbustader	heile planområde bør skjermast for (=mott!) hytteutbygging
-	x	Sløvåg Friforum / Gulen Næringsråd	anna byggeverk	eventuelle vindkraftannleg på høgdedrag over 100-meter-belte, og ikkje kome i konflikt med anna utbygging



Tingveggen ved Gulatingsstaden

Foto: Henrik Tveit



GULEN KOMMUNE

ÅRSMELDING

2009

Godkjent av Gulen kommunestyre i K.sak xx/10, datert 16.06.10

POLITISK ORGANISERING

Kommunestyre

Senterpartiet
Øyvind Lid
Helga Irene Ellingsen
Kristin Margrete Byrknes
May Lisbeth Wergeland (til 08.05.09)
Møyfrid Kvamme (frå 08.05.09)
Ingvar Arvid Breidvik
Kjartan Oppedal

Kristeleg Folkeparti
Trude Brosvik
Aage Olav Sandal
Erene Oddrun Wilberg
Kirsti Hjellum
Kjell Oddvar Stendal

Høgre
Ivar Eide
Arve Harald Mjømen
Astrid Uthaug
Stein-Inge Larsen

Arbeidarpartiet
Anne-Marit Brekken Oppedal
Arve Jørgen Osland
Jan Helge Kristensen

Venstre
Laila Solbjørg Nyhammer
Dagfinn Midtun
Rune Østerbø

Ordfører
Trude Brosvik (Krf)
Varaordfører
Anne-Marit B. Oppedal (Ap)

Formannskap

Trude Brosvik, Krf Anne-Marit B. Oppedal, Ap Øyvind Lid, Sp Ivar Eide, H Dagfinn Midtun, V

Hovudutval

Plan og utvikling

Til 08.05.09: May L. Wergeland, Sp (*leiar*)
Frå 08.05.09: Møyfrid Kvamme, Sp (*leiar*)
Erene Oddrun Wilberg, Krf (*nestleiar*)
Odd Harald Eide, Ap
Stein-Inge Larsen, H
Rune Østerbø, V


Omsorg

Arve Mjømen, H (*leiar*)
Helga I. Ellingsen, Sp (*nestleiar*)
Aage Olav Sandal, Krf
Arve Jørgen Osland, Ap
Laila S. Nyhammer, V

Oppvekst

Ingvar Breidvik, Sp (*leiar*)
Astrid Uthaug, H (*nestleiar*)
Kristin M. Byrknes, Sp
Kjell Oddvar Stendal, Krf
Vivian Våge, V

ADMINISTRATIV ORGANISERING



RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

Eit tilbakeblikk på 2009 syner stor aktivitet og mange løyste oppgåver. Av dei viktigaste nemnast:

- Eigedomsskatt – innført innan fristane og i tråd med budsjett
- Intensivert oppfølging av sjukemelde – positiv utvikling av fråveret
- Folkemøte på Dalsøyra, oppfølging av ulykka i Sløvåg, mai 2007.
- Ny heimeside – kåra til beste kommunale heimeside i Sogn og Fjordane
- Svineinfluensa, godt gjennomført vaksining i tråd med nasjonale retningslinjer og lokal plan. Ca 50% av innbyggjarane i Gulen er vaksinert, ca 40% i landet for øvrig.
- Gjennomført første medarbeidersamling på mange år, for alle tilsette i kommunen.
- Stortings- og Sametingsval

Av dei viktigaste oppgåvene som ikkje er løyst i tråd med planane nemnast:

- Planlegging/oppstart ny kommunal barnehage i Eivindvik
- Tettere dialog mellom leiinga i sentraladministrasjonen og einingane (inkl tilsette)
- Rapportering til kommunestyret av økonomiske resultat og utvikling gjennom året
- Klagehandsaming på eigedomsskattevedtak
- Kontrollutvalets påpeiking på trong for opprydding i balansen og prosjektrekneskap.

Dei enkelte einingane i Gulen kommune har vore godt drifta gjennom 2009. Nokre avvik har det vore, mellom anna har Eivindvik sone nytta monaleg mindre ressurser enn tildelt i budsjett og Byrknes samt Brekke sone har nytta noko meir ressursar enn løyvd. Innsparingane i sone Eivindvik har vore moglege gjennom redusert bruk av vikarar og auka refusjon for ressurskrevande brukarar.

Etter eit år med solid driftsoverskot for kommunen, må administrasjonen endå ein gang peike på at ressurssituasjonen for sentraladministrasjonen er særst vanskeleg. Gulen kommune har også i 2009 nytta vesentleg mindre til administrasjon enn gjennomsnittet i vår kommunegruppe. (jmf. Kostra). Resultatet av dette er at vi mellom anna ikkje har rapportert oppdaterte resultat løpande og ikkje har kunne delta aktivt på nye, statleg initierte utviklingsprosjekt med kommunal delfinansiering. I tillegg vert det politiske arbeidet i kommunen skadelidande og mindre interessant, ved at kommunen ikkje deltek med si "røyst" ved høyringar av nye lovframlegg mv. I tillegg vert styring, kvalitetssikring og utvikling av den kommunale tenesteproduksjonen gjort vanskelig, ved at området ikkje er tilført tilstrekkelig med ressursar.

Til slutt er det viktig å fokusere på det positive ved at kommunen har fått auka folketal i 2009. Dette skuldast i særleg grad innflytting av utenlandske arbeidstakarar – som igjen har bidratt til den gode skatteveksten til kommunen.

Martin W. Kulild
Rådmann

ØKONOMISK STATUS

Utviklingstrekk i driftsrekneskapen

Økonomiske hovudtrekk frå drifta dei siste fem åra						
Hovudtal frå driftsrekneskapen (alle tal i kr)	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008	Rekneskap 2007 (justert*)	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005	Auke 2008-2009
Driftsinntekter						
Inntekts- og formuesskatt	51 659 356	44 842 224	41 755 355	41 496 515	36 675 080	15,20 %
Eigedomsskatt	11 062 814	4 980 886	4 041 600	2 454 381	2 422 042	122,11 %
Rammeoverføringer og statstilskot	71 512 714	67 603 466	65 500 519	68 198 616	65 826 364	5,78 %
Driftsinntekter og refusjonar	58 011 891	48 922 092	48 672 244	41 028 844	41 536 018	18,58 %
<i>Driftsinntekter (eks. interne overføringer)</i>	<i>192 246 775</i>	<i>166 348 668</i>	<i>159 969 718</i>	<i>153 178 356</i>	<i>146 459 504</i>	<i>15,57 %</i>
Driftsutgifter						
Lønsutgifter	125 287 804	119 957 381	112 297 832	104 514 963	103 705 859	4,44 %
Kjøp av varer og tenester	39 242 369	35 600 914	38 041 648	29 778 029	27 640 608	10,23 %
Overføringer, avskrivning og fordelte utgifter	12 089 410	9 885 180	11 903 601	8 782 790	9 365 742	22,30 %
<i>Driftsutgifter (eks. interne overføringer)</i>	<i>176 619 583</i>	<i>165 443 475</i>	<i>162 243 081</i>	<i>143 075 782</i>	<i>140 712 209</i>	<i>6,76 %</i>
Brutto driftsresultat	15 627 191	905 193	-2 273 363	10 102 574	5 747 295	
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbyte	5 039 591	4 456 985	3 738 707	2 684 671	1 451 570	13,07 %
Mottatte avdrag på utlån	276 762	116 931	180 711	113 989	126 339	136,69 %
<i>Sum rente- og avdragsinntekter</i>	<i>5 316 353</i>	<i>4 573 916</i>	<i>3 919 418</i>	<i>2 798 660</i>	<i>1 577 909</i>	<i>16,23 %</i>
Finansutgifter						
Renteutgifter	2 165 532	4 088 642	3 098 909	1 999 065	1 529 095	-47,04 %
Avdrag på lån	2 471 851	2 206 985	2 214 247	2 222 137	2 111 917	12,00 %
Utlån	44 788	303 552	224 981	218 914	185 163	-85,25 %
<i>Sum rente- og avdragsutgifter</i>	<i>4 682 170</i>	<i>6 599 179</i>	<i>5 538 137</i>	<i>4 440 116</i>	<i>3 826 175</i>	<i>-29,05 %</i>
<i>Resultat finanspostar</i>	<i>634 183</i>	<i>-2 025 263</i>	<i>-1 618 719</i>	<i>-1 641 455</i>	<i>-2 248 266</i>	
+Motpost avskrivningar	3 747 298	3 614 478	3 530 447	3 338 577	3 225 103	3,67 %
Netto driftsresultat	20 008 673	2 494 408	-361 635	11 799 696	6 724 132	
Korrigeringsfaktorar	12 264 116	3 881 087	0	2 000 000	3 000 000	
Korrigert netto driftsresultat	7 744 557	-1 386 679	-361 635	9 799 696	3 724 132	
Rekneskapsmessig resultat	15 595 063	-636 661	0	3 317 493	959 514	

* I rekneskapen for 2007 er opprydding etter Server-utsleppet (prosjekt nr 843), med både inntekter og utgifter på kr 12 860 000, trekt ut. Eit tilskot til private barnehagar (kr 1,7 mill.) er ført frå hovudposten Driftsinntekter og refusjonar til Rammeoverføringer og statstilskot. Justeringane gjev meir samanliknbare tal.

Driftsinntektene

Hovudgrunnen til det positive resultatet er at inntektene auka kraftig i 2009. Inntekts- og formuesskatt (frå privatpersonar og personlege firma) auka med kr 6,8 mill. (15,2%) i 2009, etter ein høvesvis god auke også i 2008 (7,4%). Eigedomsskatten auka med kr 6,0 mill. (122,1%), etter utviding av ordninga til å femne om alle eigedommar frå 2009.

Rammeoverføringer og statstilskot vart kr 3,9 mill. (5,8%) høgare enn i 2008, som mykje skuldast kr 2 mill. i ekstra skjøn etter Vest Tank-ulukka og kr 1,4 mill. i "finanskrisepakke". Driftsinntekter og refusjonar auka med kr 9,1 mill. (18,6%). Kr 5,8 mill. av desse kan forklarast med auka refusjon for ressurskrevjande brukarar, kr 1,8 mill. med auka LRA-inntekter i høve til 2008.

Samla auka driftsinntektene i 2009 med kr 25,9 mill. (15,6%).

Driftsutgiftene


Lønsutgiftene steig med om lag 4,4% (kr 5,2 mill.). Kjøp av varer og tenester auka med 10,2% (kr 3,6 mill.), kr 2,2 mill. av dette skuldast tiltak i "finanskrisepakken". Overføringer, avskrivning og fordelte utgifter auka med heile 22,3% (kr 2,0 mill.). Hovudforklaringar er auka bokførte tap på krav (kr 0,5 mill.), auka brøyteutgifter og høgare aktivitet på vegvedlikehald (kr 0,6 mill.) og redusert sosialhjelp (kr 0,5 mill.). Posten Overføringer, avskrivning og fordelte utgifter kan ofte svinge mykje frå år til år på grunn av ulikt nivå på øyremerkte satsingar med statleg finansiering, t.d. barnehage, spelemlidar osv.

Gjennomsnittleg utgiftsutvikling i kommunal sektor var omlag 8,6% frå 2008 til 2009. Samla sett gjekk driftsutgiftene i Gulen kommune opp med 6,8% dette året. I høve til revidert budsjett vart utgiftene om lag 2,2% lågare (kr 4,0 mill.). Den viktige årsaken til avviket er kr 5,3 mill. lågare vekst i lønsutgiftene enn budsjettert.

Finanspostane

Uventa lågt rentenivå i tillegg til eit ekstraordinært godt utbyte frå BKK (kr 3,8 mill.) resulterte i eit positivt finansresultat på om lag kr 0,6 mill.

Økonomisk resultat



Brutto- og netto driftsresultat

Brutto driftsresultat (kr 15,6 mill.) seier noko om overskotet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er teke med. I netto driftsresultat (kr 20,0 mill.) er finanspostane med, men avskrivningane er "nulla ut". I staden er avdraga inkludert. Dei siste seks åra har avskrivningane vore høgare enn netto finanspostar, som gjev høgare netto driftsresultat enn brutto driftsresultat.

Netto driftsresultat er eit mykje nytta måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. Ein "sunn" kommuneøkonomi inneber eit netto driftsresultat på minst 3% av brutto driftsinntekter (svarar enkelt sagt til eit resultat rundt 0 i privat sektor).

Korrigert netto driftsresultat (KND)

Korrigert netto driftsresultat (den tjukke lina i tabellen) viser korleis dei "vanlege" utgiftene er i høve til dei "vanlege" inntektene. Dette er den viktigaste indikatoren i høve til god langtidsplanlegging. Gulen kommune har hatt ein del ekstraordinære inntekter nokre av dei siste åra, som kan få drifta til å sjå betre ut i enkelte år enn ho faktisk er. I KND er desse inntektene sett vekk frå. Dette gjeld ekstraordinære inntekter frå BKK (1999 og 2009) og Staten (2003-2006 og 2009), i tillegg til LRA-avgift (2008-2009). I 2009 utgjorde slike inntekter heile kr 12,3 mill.

Utviklinga i KND

Etter ei jamn negativ utvikling frå 1997 til 2002, betra KND seg gradvis til kr 9,8 mill. i 2006. Det høge resultatet i 2006 skuldast i stor grad høg skattevekst på landsbasis og eit høgt positivt pensjonspremieavvik. I 2007 og 2008 var utviklinga i KND negativ, m.a. på grunn av auka statlege krav som kommunen har fylgd opp, meir satsing på utviklingstiltak og høgkonjunktur i økonomien, som gjorde tenestekjøp og rekruttering av arbeidskraft dyrt, tidkrevjande og vanskeleg. Dei auka utgiftene vart i stor grad finansiert av høgare eigedomsskatt og frå 2008 LRA-midlar, fordi skatt og rammeoverføringar svikta som fylgje av folketalsnedgang. Vedtekne innsparingstiltak innafor Omsorg vart sett i verk etter kvart som tilhøva tillet det, som gav noko rom for omprioritering.

Korrigert netto driftsresultat for Gulen kommune utgjorde i 2009 kr 7,7 mill. eller 4,0% av driftsinntektene (mot 2,8% på landsbasis). Målsettinga i opphavleg budsjett var eit korrigert netto driftsresultat på -kr 0,5 mill. Avviket mot budsjett har fire viktige årsaker. Den første er høgare nivå på skatt/rammeoverføringar enn budsjettet, mykje på grunn av arbeidsinnvandring. Gulen fekk ei netto innflytting av 31 personar frå utlandet i 2009, som også resulterte i at folketallet auka med 19 personar. I 2009 var skattenivået pr innbyggjar i Gulen på landsgjennomsnittet, medan det vanlege har vore eit nivå på 80-90% av gjennomsnittet.

Den andre årsaka er langt lågare lønsutgifter enn budsjettet, som nok skuldast lågare sjukefråvær og lettare tilgang på arbeidskraft innafor Omsorg, og lågare lønsvekst og lågare pensjonsutgifter enn budsjettet.

Den tredje årsaka er at frå 2009 vert statleg refusjon for utgifter knytt til ressurskrevjande brukarar inntektsført same året som utgiftene oppstår, i staden for å verte ført eit år på etterskot, slik systemet har vore før. Gulen har hatt ein høg årleg utgiftsvekst dei siste åra, som systematisk har ført til eit årleg inntektsgap fram til no.

Høgare gebyrinntekter frå plan- og byggjesaker enn venta er den siste viktige årsaka.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsetningar og andre årsoppgjersdisposisjonar. Driftsrekneskapen for 2009 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 15 595 063. Disponering av dette vert gjort i politisk sak om godkjenning av årsrekneskapen.

Driftsavvik fordelt på resultateiningar

Driftsavvik fordelt på resultateiningar						
Rammeområde	Rekneskap 2009	Justert budsjett	Avvik i kroner	Avvik i %	Rekneskap 2008	Rekneskap 2007
100 Sentraladministrasjonen	14 997 996	16 129 400	1 131 404	-7,01 %	13 510 809	12 362 248
200 Oppvekst	1 975 735	2 186 600	210 865	-9,64 %	1 691 500	2 187 788
211 Brekke barnehage og skule	7 323 951	7 842 700	518 749	-6,61 %	7 310 890	6 833 196
212 Byrknes barnehage og skule	6 235 513	6 418 600	183 087	-2,85 %	5 855 900	5 318 492
213 Dalsøyra skule	7 537 554	7 564 000	26 446	-0,35 %	7 242 013	6 444 765
214 Eivindvik skule	7 459 773	7 611 100	151 327	-1,99 %	6 988 579	6 651 431
273 Dalsøyra/Eidsbotn barnehage	660 011	1 011 400	351 389	-34,74 %	401 773	441 180
274 Eivindvik/Haveland barnehage	551 844	637 100	85 256	-13,38 %	455 166	277 486
310 Helse	9 212 201	10 461 300	1 249 099	-11,94 %	9 924 490	8 593 705
350 Sosial og barnevern					4 991 532	4 935 359
355 NAV	1 317 237	2 446 700	1 129 463	-46,16 %		
360 Barnevern	2 324 063	3 119 700	795 637	-25,50 %		
371 Gulen sjukeheim	14 158 534	16 531 200	2 372 666	-14,35 %	16 501 478	14 318 359
372 Byrknes sone	5 847 469	5 748 000	99 469	1,73 %	5 049 282	4 849 910
373 Dalsøyra sone	2 577 007	3 081 600	504 593	-16,37 %	2 890 245	2 650 714
374 Eivindvik sone	9 694 299	12 849 100	3 154 801	-24,55 %	11 979 223	10 860 681
375 Brekke sone	4 050 365	3 934 100	116 265	2,96 %	4 633 611	4 407 102
376 PU-tenesta	6 452 026	8 382 500	1 930 474	-23,03 %	6 837 074	6 279 208
400 Plan, teknisk og landbruk	3 766 581	4 589 600	823 019	-17,93 %	4 314 929	2 996 031
620 Drift og vedlikehald	12 465 105	13 152 100	686 995	-5,22 %	9 508 987	10 100 431
Sum driftsutgifter	118 607 263	133 696 800	15 089 537	-11,29 %	120 087 481	-110 508 086

Samla mindreforbruk vart 11,29% av ramma. Berre einingane Sone Brekke og Sone Byrknes hadde overforbruk i høve til budsjett. Desse to er inne i ein fase med omstilling og bemanningsreduksjon og såleis noko meir ustabile enn andre einingar. Arbeidet med å få tilpassa strukturen i desse einingane i samsvar med omsorgsplanen (revidert i 2008) har tatt tid, og er venta slutført i 2010. Når arbeidet er slutført vil Gulen kommune få lågare driftsutgifter innafor heimebaserte omsorgstenester, der kommunen til no har hatt langt høgare utgifter enn samanlikningsgrunnlaget.

Innafor dei andre einingane var det til dels stort mindreforbruk, som er forklart nærare i årsrapporten for kvar av desse. Mindre lønsutgifter enn føresett er hovudårsaka, i tillegg til at høgare refusjon og meir gebyrinntekter enn føresett forklarar ein del av avviket på høvesvis ansvar 310/355/374/376 og ansvar 400.

Investeringsrekneskapen

Dei samla investeringane i anleggsmidlar var på om lag kr 8,0 mill. i 2009. Anleggsmidlane vart finansiert slik: lån kr 5,6 mill., tilskot frå fylkeskommunen til Gulatinget kr 1,0 mill., overføring frå drifta kr 0,3 mill. og ubunde investeringsfond kr 1,1 mill. Ubunde investeringsfond vart og tilført kr 5,43 mill. frå rekneskapsmessig avvikling av likviditetsreserven etter regelendring i meldingsåret, i tillegg til kr 0,34 mill. frå tomtosal.

Større investeringsprosjekt i 2009 var: Nybygg barnehage på Byrknes (kr 2,1 mill.), påbygg/rehabilitering av kommunehuset (kr 1,4 mill), investeringar i skulebygga - særskilt Byrknes skule (kr 1,2 mill.), vassforsyning til Flolid (kr 0,8 mill.), aktivitetsanlegg på Tusenårsstaden Gulatinget (kr 0,7 mill.) og IKT-investeringar (kr 0,5 mill.).

Andre prosjekt med investeringsutgifter i 2009	
Gåta bustadfelt	Ny barnehage Eivindvik
Bustadfeltet Øvre Stølen III	Skuleveg Dalsøyra
Vassforsyning Eidsbotn	Tilpassing Gulen sjukeheim
Sprinkleranlegg Brekke bu- og omsorgssenter	Oppgradering, kommunale vegar

Balanserekneskapen

Balansen er sterkt påverka av vurderinga av storleiken på kommunen sine framtidige pensjonsplikter. I 2009 auka desse med kr 19,5 mill., medan dei utrekna pensjonsmidlane (kommunen sine sparepengar i KLP) berre auka med kr 3,2 mill. Eigenkapitalen auka likevel med kr 8,7 mill., som i hovudsak skuldast det gode rekneskapsmessige resultatet frå drifta, i tillegg til fondsavsetjing av LRA-midlar og endring i rekneskapsprinsipp.

Økonomiske nøkkeltal

Tabellen under viser den finansielle utviklinga i Gulen dei siste åra, samanlikna med andre kommunar.

Økonomiske nøkkeltal frå Gulen samanlikna med andre kommunar (førebelse tal frå KOSTRA)							
(alle tal i kr)	Gulen 2005	Gulen 2006	Gulen 2007	Gulen 2008	Gulen 2009	Gruppe 05* 2009	Alle 2009
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	142,4	135,2	137,5	158,9	153,7	175,5	167,9
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	8,7	13,9	10,4	10,3	25,8	33,0	21,0
Frie inntekter i kroner pr innbyggjar	40 714	43 587	43 307	46 419	51 798	48 414	34 183
Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar	24 460	24 703	24 944	26 399	27 641	41 842	28 757

*Gruppe 05 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, stort areal og over gjennomsnittleg nivå på frie inntekter pr. innbyggjar.

I Langsiktig gjeld inngår både vanleg renteberande gjeld og framtidige pensjonsforpliktingar til tilsette i kommunen. Pensjonsforpliktingane har auka frå kr 139,3 mill. i 2005 til kr 216,6 mill. i 2009. Kommunen styrer ikkje nivået på desse. Renteberande gjeld har utvikla seg frå kr 69,2 mill. i 2005 til kr 78,8 mill. i 2009.

Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til rett tid. Gulen kommune har god likviditet.

Kommunar med høge frie inntekter pr innbyggjar vert ofte sett på som rike kommunar. For ein del av desse, t.d. kraftkommunar og nokre kommunar rundt større byar, er nok dette rett. Men Gulen kommune har og relativt høge frie inntekter. Dette er ikkje eit uttrykk for

stor rikdom, men heng saman med høge statlege overføringer. Gulen har mange eldre (som er ei ressurskrevjande gruppe for kommunane), har lågt folketal, er stor i areal og er mellom dei ti mest grisgrendte kommunane i heile Noreg, målt utifrå dei tre "spreiddbygdkriteria" i inntektssystemet. Desse faktorane gjer at det kostar meir å gje eit likeverdig tilbod i Gulen enn i dei aller fleste andre kommunar. Dette vert kompensert for i inntektssystemet i form av høgare overføringer pr. innbyggjar. Slik får Gulen kommune høge frie inntekter, utan å ha mykje midlar til fri disposisjon. Dei siste åra har likevel eigedomsskatten kome opp på eit nivå som gjer at handlefridomen har auka vesentleg.

Netto lånegjeld: Den *renteberande* gjelda pr innbyggjar har vore ganske stabil dei siste åra, men auka noko i 2008 og 2009.

KOSTRA-samanlikningar

Dei siste åra har kommunane levert data til ein felles database som SSB administrerer. KOMMUNE-STAT-RApportering har vore i bruk i Gulen kommune frå 2001. Systemet, som ligg på heimesidene til Statistisk Sentralbyrå, gjev eit godt grunnlag for å samanlikne kommunar når det gjeld ressursbruk. KOSTRA-tala må tolkast med noko varsemd.

Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Gulen kommune sin del:

- Innbyggjartalet aukar for første gong sidan 2003, særskilt i dei yngste aldersgruppene, men no og i den eldste.
- Gulen kommune nyttar høvesvis mykje ressursar innafor pleie/omsorg og skule, og framleis lite på administrasjon/styring, sosialteneste og kultur, i høve til gruppe 05.

Innbyggjarar i Gulen kommune pr. 31.12.	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Til saman	2 473	2 473	2 450	2 462	2 459	2 417	2 406	2 356	2 283	2 302
0-5 år	199	186	176	187	176	169	160	154	134	129
6-15 år	359	362	373	369	383	364	355	333	317	324
16-66 år	1 459	1 477	1 473	1 489	1 484	1 470	1 482	1 455	1 433	1 442
67-79 år	274	258	251	242	241	238	233	240	236	250
80 år og over	182	190	179	175	175	176	176	174	163	157

Folkemengd fordelt på aldersgrupper, %	Gulen 2003	Gulen 2004	Gulen 2005	Gulen 2006	Gulen 2007	Gulen 2008	Gulen 2009	Gruppe 05* 2009	Sogn og Fjordane 2009	Landet 2009
Andel 0-5 år	7,6	7,1	7,0	6,6	6,5	5,9	5,6	6,2	7,2	7,5
Andel 6-15 år	15,0	15,6	15,1	14,8	14,1	13,9	14,1	13,2	13,7	12,7
Andel 16-66 år	60,4	60,3	60,9	61,6	61,8	62,8	62,6	63,0	64,1	66,9
Andel 67-79 år	9,8	9,8	9,8	9,7	10,2	10,3	10,9	10,9	9,3	8,3
Andel 80 år og over	7,1	7,1	7,3	7,3	7,4	7,1	6,8	6,8	5,7	4,5

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Gulen 2005	Gulen 2006	Gulen 2007	Gulen 2008	Gulen 2009	Gruppe 05 2009	Sogn og Fjordane 2009	Landet 2009
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	11 705	15 317	13 338	17 192	23 054	24 672	17 008	17 383
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskuleopplæring	82 190	85 617	94 405	102 801	105 781	104 777	93 725	84 272
- Utgifter til skoleskyss, per innbygger 6-15 år	3 190	3 285	3 628	3 076	3 772	2 864	2 047	1 561
Netto driftsutg. pr innbyggjar, kommunehelsetenesta	2 164	2 137	1 683	1 965	2 767	2 809	2 158	1 687
- Netto driftsutg. til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innb.	1 478	1 446	1 334	1 298	2 068	2 289	1 616	1 190
Netto driftsutg. pr. innb. pleie og omsorg	17 452	19 304	21 896	24 611	21 813*	18 808	16 211	12 848
Netto driftsutg. pr innb. 67 år og over, pleie og omsorg	101 886	113 560	124 604	140 817	123 375*	106 222	108 432	100 469
Netto driftsutg. pr. innb. 80 år og over, pleie og omsorg	239 665	263 841	296 471	344 699	319 831*	274 852	284 852	285 404
- Andel innb. under 67 år som får heimetenester	1,0	0,7	1,3	1,5	1,7	2,2	1,9	1,9
- Andel innb. 67-79 år som får heimetenester	11,3	9,0	7,1	7,6	6,4	9,8	9,8	8,7
- Andel innb. over 80 år som får heimetenester			35,6	38,7	43,9	39,0	39,5	35,3
- Andel som får minst to kjernetenester (%)			47	48	48	35	34	30
- Andel innb. 67-79 år som bur på institusjon			2,1	2,1		4,1	2,3	2,0
- Andel innb. 80 år og over som bur på institusjon			13,2	16,0	14,6	18,4	15,1	14,6
Netto driftsutgifter pr innb. 20-66 år, sosialtenesta	950	995	1 092	902	784	1 722	1 445	2 705
Netto driftsutg. pr innb. 0-17 år, barneverntenesta	3 031	3 776	3 389	4 425	4 627	4 362	4 435	5 525
Netto driftsutg. pr innb., adm., styring og fellesutgifter	3 319	3 354	4 070	4 990	5 274	7 149	4 709	3 535

Netto driftsutgifter for ymse tenester, målt i % av totale netto driftsutgifter	Gulen 2005	Gulen 2006	Gulen 2007	Gulen 2008	Gulen 2009	Gruppe 05 2009	Sogn og Fj. 2009	Landet 2009
Administrasjon og styring (inkl. eigedomstaksering)	8,2	8,2	8,4	11,0	10,4	14	11	9,4
Barnehage	1,8	2,2	1,6	1,8	2,2	2,5	2,4	2,9

Grunnskoleopplæring	30,9	30,4	28,4	29,0	29,4	27,1	30,2	28,9
Kommunehelseteneste	5,4	5,2	4,2	4,0	5,5	5,5	5	4,5
Pleie og omsorg	43,2	47,0	46,6	50,0	41	36,8	37,8	34,2
Sosialteneste	1,3	1,3	1,3	1,0	0,8	2,2	2,7	5,5
Barnevern	1,9	2,3	1,7	2,1	2	1,9	2,5	3,4
Vatn, avløp, renovasjon/avfall	-0,5	-0,2	-0,2	-0,4	-0,1	-0,3	-1	-0,8
Fysisk planlegging/kulturminne/natur/nærmiljø	0,6	1,0	-0,2	1,2	0,7	1,3	1	1,3
Kultur	0,4	0,7	1,1	0,9	0,8	3,3	3,8	4,3
Kyrkje	1,5	1,6	1,6	1,4	1,7	1,8	1,7	1,3
Samferdsle	2,2	2,5	2,9	2,4	4,6	2,7	3,1	1,8
Bustad	-0,8	-0,8	-0,7	-0,3	-0,3	-0,4	-0,4	0,1
Næring	0,6	0,3	1,2	-3,3	-4,5	-0,5	-2	-0,5
Brann og ulukkesvern	1,3	1,4	2,1	1,6	1,8	1,6	1,6	1,5
Ymse (t.d. premieavvik)	2,0	-3,1	0	-2,4	4,0	0,5	0,6	2,2

PERSONALSTATUS

Godkjende stillingar

Utvikling i bemanninga	Juni 2003	Nov. 2003	Nov. 2004	31.12.2005	31.12.2006	31.12.2007	31.12.2008	31.12.2009
Godkjende stillingar, årsv.	230,42	219,72	210,28	204,25	213,3	217,31	224,32	222,46

Om lag 6 av dei knapt 13 årsverka som er spart inn sidan juni 2003 skriv seg frå tenesteutsetting til "Eivindvik grøn omsorg". Tala syner ei kraftig nedbemanning fram til 2005, ei justering opp att dei siste åra, med reduksjon igjen siste år. Oppjusteringa fram til 2008 skuldast mellom anna fleire opphaldstimar i barnehagar, auka timetal skulane, øyremerkte satsing på psykiatri, fleire faste sjukevikarar og andre faktorar som gjev delfinansiering utanfrå. Reduksjonen siste året skuldast mellom anna bortfall av næringsstilling, reduksjon innan pleie og omsorg og tilpassing til lågare elevtal, delvis kompensert med oppjustering grunna auka timetal skulane, auka opningstid bibliotek og stilling som kommunal koordinator innan rehabilitering.

Sjukefråvær

Legemiddelt sjukefråvær (%)	1. kv. - 2004	2. kv. -04	3. kv. -04	4. kv. -04	1. kv. 2005	2. kv. -05	3. kv. -05	4. kv. -05	1. kv. 2006	2. kv. -06	3. kv. -06	4. kv. -06	1. kv. 2007	2. kv. -07	3. kv. -07	4. kv. -07	1. kv. 2008	2. kv. -08	3. kv. -08	4. kv. -08	1. kv. 2009	2. kv. -09	3. kv. -09	4. kv. -09
Gulen	9,3	8,2	6,8	5,6	7,0	6,6	7,2	6,9	9,2	8,4	8,7	8,9	8,3	6,2	8,2	10,0	8,2	6,6	8,0	7,0	7,4	6,3	6,3	7,3
S. og Fj., kom.forv.	8,0	7,2	6,0	5,7	6,4	5,9	6,3	6,0	6,9	6,6	6,5	6,6	7,0	6,4	6,7	6,9	7,2	7,0	6,8	6,4	7,0	6,7	6,9	6,5
Heile landet, kommunal forvaltning	9,3	8,3	6,9	6,9	7,5	7,2	7,3	7,6	8,2	7,7	7,5	7,7	8,1	7,6	7,5	7,8	8,3	8,1	7,6	7,7	8,3	8,0	8,3	8,1

Sjukefråværstala er henta frå NAV sine statistikkar, der eigenmeldingar ikkje er inkludert. Gulen kommune har hatt ein positiv tendens samanlikna med både kommunal forvaltning i landet og med dei føregåande åra i vår eigen kommune. Vi har hatt reduksjon av sjukefråværet i dei tre første kvartal 2009 samanlikna med samanlikna med tilsvarende kvartal 2008. Trass i positiv tendens for sjukefråværstala, er det ei utfordring å fylle behovet for sjukevikarar i alle einingar.

Samarbeid med fagorganisasjonane

Det har vore møte med tillitsvalde etter behov, samt møte med alle tillitsvalde samla i samband med lokale forhandlingar og i budsjettarbeidet.

Kompetanseutvikling

28 lærarar byrja på vidareutdanning i "lese og skrive i alle fag", eit samarbeid mellom kommunen og HSF. I tillegg gjennomførte eller starta fleire lærarar på vidareutdanning innan andre fagområde. Det er også gjennomført ei rekkje andre kompetansehevingstiltak på skular og barnehagar, tråd med vedteken kompetanseutviklingsplan for sektoren. Ein einingsleiar innan pleie og omsorg fortset med påbegynt vidareutdanning i administrasjon og leing. Vi fekk gjennom Kompetanseløftet stønad til 19 tilsette som tar vidareutdanning innan pleie og omsorg i 2009. Dette gjaldt tilsette som tar grunnutdanning innan sjukepleie og som helsefagarbeidar, samt vidareutdanningar som til dømes psykiatri og geriatri. Ein tilset tar master innan kunnskapsbasert praksis i helsefag.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det har vore 2 møte i arbeidsmiljøutvalet. Det vart gjennomført val av nye verneombod for perioden 1.1.2010 til 31.12.2011. Rapportane frå vernerundane syner stort behov for vedlikehalds-/sikringsarbeid. Det er behov for endring av rutinane for vernerundane, for å sikre oppfølging av eventuelt andre utfordringar som kjem fram under vernerundane, til dømes psykososiale utfordringar, samt gjere oppfølgingsarbeidet enklare. Grunna lovpålagd krav om bedriftshelseteneste også for tilsette innan skule, barnehage, helse og pleie og omsorg, har kommunen inngått avtale med Hjelp24 om å yte bedriftshelsetenester til Gulen kommune for alle tilsette.

Likestilling

Gulen kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass, og praktiserer likestilling. Godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. Det har vore arbeid noko med å slå saman dei minste deltidsstillingane, som er lite etterspurde. For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringsfondet. 11 av 20 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner.

SENTRALADMINISTRASJONEN

Sentraladministrasjonen består av Rådmannen m/stab, Ekspedisjonsavdelinga, Løns- og personalavd. og Skatt- og rekneskapsavd. Ei viktig oppgåve er å førebu og følge opp politiske saker til kommunestyre, formannskap, hovudutval, administrasjonsutval, arbeidsmiljøutval og eigedomsskattetakstnemnd. Behandling av sektorovergrepande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellestenester for heile kommuneorganisasjonen er andre viktige og ressurskrevjande arbeidsoppgåver, som er heilt avgjerande for at organisasjonen skal fungere.

Politikk

Utvikling i tal politiske saker		
	Kommunestyret	Formannskapet
2009	74	64
2008	78	79
2007*	140	72
2006	117	92
2005	113	86
2004	119	79

Talet på politiske saker har gått noko ned dei siste åra. Dei høge tala for 2007 skuldast utpeiking av medlemar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval. Av viktige saker i kommunestyret kan nemnast økonomiplanen, revisjon av arealplan og idrettsplan, bruk av ekstra løyvingar til vedlikehald, oppstart av investeringsprosjekt som Byrknes barnehage og rehabilitering av kommunehuset, og fritaksreglar for eigedomsskatt. Gulen ungdomsråd hadde brukbar aktivitet i 2009, og delte m.a. ut transporttilskot og kulturmidlar, i tillegg til å arrangere Ungdommens Kulturmonstring.

Fellestenester

Viktige tiltak i 2009 var innføring av generell eigedomsskatt, etablering av NAV Gulen frå mars, flytting av Ekspedisjonen til nye lokale, utvikling av www.gulen.kommune.no, som i 2009 vart kåra til den beste kommuneheimesida i fylket, gjennomføring av stortingsval, utgjeving av Infoposten (7 nr) og førebuing til utvida IKT-samarbeid med SYS IKT, inkl. innføring av nytt kontorstøttesystem (ACOS) og fullelektronisk arkiv frå 2010.

Samfunnsutvikling

Etablering og innfasing av det interkommunale næringssselskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS var ei viktig oppgåve i 2009.

Kystsogevakene, reiselivsutvikling, UKM, Prosjekt Kystarven og ungdomsrådet har vore viktige arbeidsoppgåver innafor kulturfeltet, i tillegg til administrering av kulturmidlar,

transportmidlar og spelemidlar. To anlegg i Gulen fekk støtte frå spelemidlane. Satsinga på Gulatinget saman med fylkeskommunen held fram. Arrangement (m.a. Gulatingsfest, Turborock), arenautbygging (vatn, sandvolleyballbane, turstinett og forprosjekt bygg) og nettverksarbeid (EU-prosjektet Nordatlantisk Tingstadnettverk) var høgt prioriterte oppgåver. "Tjuvar, drapsmenn, bønder og kongar", ei fagbok for born om Gulatinget, vart utgitt i 2009.

Opningstidene ved Gulen folkebibliotek, med tilbod i skulebygdene, vart utvida noko i 2009. Biblioteket hadde elles stabil drift.

Kulturkonsulenten var sekretær for "Befolkningsaukenemnda", som i 2009 la fram ein rapport om moglege tiltak for å prøve å snu folketalsutviklinga i positiv lei. Arbeidet var tinga av formannskapet.

Næringsfondet fekk om lag kr 0,65 mill. i påfyll i 2009. Dei største tilskota var til Gulen og Masfjorden Utvikling AS og Tusenårsstaden Gulatinget.

OPPVEKST

Skule

Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla elevtal
2006/2007	101	69	92	94	355
2007/2008	92	65	91	80	328
2008/2009	89	67	85	76	317
2009/2010	90	64	92	77	323
Prognose 2009/2010	89	60	81	81	311

Elevtalet hadde ein liten auke frå året før.

Heller ikkje dette året greidde vi å rekruttere utdanna lærarar til alle faste stillingane. I vikariat har vi som før hatt ein del ufaglærte lærarar.

Utviklings- og kompetansehevingsplanane inneverande skuleår har leiarutvikling, elev-medverknad, elevvurdering, skulevurdering, digital kompetanse, lesing i alle fag, matematikk, engelsk og entreprenørskap som dei viktigaste satsingane. Alle skulane har i tillegg hatt prosjekt og utviklingsarbeid innan ulike område.

Spesialundervisning

Prosent av elevar som får enkeltvedtak			
2006/-07	2007/-08	2008/-09	2009/-10
5,6%	6,7%	7,6%	8,4%

Elevar som får vedtak om spesialundervisning har auka kvart år, både i prosent av samla elevtal og i faktiske tal. Det bør vurderast nærare kva som er grunnen til denne utviklinga.

Skulefritidsordning (SFO)

Tal på brukarar av skulefritidsordning					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal
01.10.06	5	13	4	6	28
01.10.07	3	14	1	0	18
01.10.08	5	9	3	0	17
01.10.09	6	10	1	7	24

Ved Eivindvik skule var det igjen bruk for SFO, etter at tilbodet har vore ute i 2 år. Alle skulane tilbyr SFO, men bruken er liten. Auka timetal på småskulesteget, og minkande elevtal, er truleg hovudårsakene til lite bruk. Samanlikna med andre kommunar, har vi låg brukarbetaling.

Barnehagar

Born i kommunale barnehagar, fordelt på avdelingane							
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eidsbotn	Haveland	Eivindvik	Samla tal
15.12.06	22	11	14	17	11	22	97
15.12.07	21	8	16	16	10	27	98

15.12.08	22	9	12	14	9	26	92
15.12.09	17	8	14	15	6	28	88

Dei private barnehagane, Sande og Lovisendal, hadde høvesvis 6 og 15 barn. Samla tal barn i barnehagane går noko ned, men plasstalet held seg stabilt fordi fleire søkjer om full plass. Pr. 15.12.09 var ingen barn på venteliste. Dalsøyra barnehage tilbyr berre heile plassar i 2009/2010

Vi har tilsett utdanna førskulelærarar i dei fleste faste stillingane. 2009/2010 er prega av mange permisjonar, og vi har ikkje lukkast med å få utdanna personale til vikariata.

Utviklings- og kompetansehevingsplanane inneverande barnehageår har leiarutvikling, nettverksarbeid, digital kompetanse, barnehagevurdering og arbeid med fagområda i rammeplanen som dei viktigaste satsingane.

Musikk- og kulturskulen

Elevar i musikkskulen			
01.10.06	01.10.07	01.10.08	01.10.09
51	45	46	75*

* Medrekna korpsmedlemmar

Tal elevar i musikk- og kulturskulen er nokså stabilt, trass minkande elevtal. Elevane får undervisning i større eller mindre grupper. Undervisninga er spreidd på skulekrinsane. Dette fører til små stillingsstorleikar. Tilbodet er avhengig av "eldsjeler", og er såleis sårbart. Musikk- og kulturskulen sel timar til skulekorpsa i Brekke og på Byrknes, og kjøper teneste hjå Masfjorden til korpset på Dalsøyra i tillegg.

PPT

Tilviste saker frå Gulen		
2006/-07	2007/-08	2008/-09
74	65	66

Vi har felles PP-teneste med 6 andre kommunar i Ytre Sogn/Sunnfjord, dei vidaregåande skulane i HAFS, pluss Masfjorden kommune. Til saman har tenesta ca 12 fagstillingar, der vi har tilsette med høg kompetanse innafor fleire aktuelle fagområde.

Tal tilviste saker frå Gulen er stabilt i høve elevtalet.

OMSORG

Pleie og omsorg

Også 2009 har vore prega av omorganisering og arbeid med å finne tiltak som kan redusere utgiftene til drift av sektoren. I K.sak 20/08 vart evaluering av strategiplan for pleie og omsorg vedteken. Her vart vedteke ein restriktiv vedtakspraksis i alle sonene, og rask tilpassing av bemanning til lågare tenestenivå. Kvilande nattevakt ved Brekke bu- og omsorgssenter vart fjerna frå 01.07.08. Grunnlaget for fjerning av kvilande nattevakt på Byrknes bu- og omsorgssenter var ikkje tilstades i 2009, og tiltaket er utsett til 01.07.10.

Brekke og Dalsøyra sone har bakvaktordning for alarmer om natta.

Samstundes vart det vedteke at brukarar som treng heildøgns pleie og omsorg skal få tilbodet ved Gulen sjukeheim. Arbeidet med å flytte brukarar som treng nattevakt frå Byrknes bu- og omsorgssenter til Gulen sjukeheim vert starta opp i starten på 2010.

Kokkestillinga vart fjerna frå Brekke bu- og omsorgssenter i april. Brekke sone har fått middag levert frå Masfjorden, medan Dalsøyra har fått middag levert frå Fjordland. Ordninga skal evaluerast i samband med budsjettarbeidet for 2011.

Sone Eivindvik og Gulen sjukeheim fekk felles leiar etter omorganisering av sona i juni 2008. Det synest som ordninga fungerer svært godt.

Gulen kommune har delteke i eit felles nettverk med kommunane Flora, Jølster, Askvoll, Hyllestad, Solund og Fjaler om opplæring og innføring av fagprogrammet CosDoc og innføring av IPLOS.

Pleie i institusjon

Gulen sjukeheim er inndelt i tre avdelingar for pleie: langtidsavdelinga har 12 plassar, dementavdelinga har 8 plassar, ein plass har vore nytta til avlastningsplass for demente som bur heime og avdeling for rehabilitering og avlastning har 8 plassar. Det har vore arbeidd aktivt med å redusere sjukefråværet ved institusjonen. I samarbeid med NAV har vorte gjennomført eit prosjekt med fokus på nærværs- og trivselsfaktorar, med prosjektleiar i 30% stilling. Ein handlingsplan er utarbeidd for vidare fokus på arbeidet.

Prosjekt lindrande behandling vart vidareført i 2009. Det er knytt ei 20% stilling som ressurssjukepleiar i kreftomsorg til prosjektet, med hovudoppgåve å kvalitetssikre kreftomsorg og lindrande behandling gjennom undervisning og formidling av erverva kompetanse i kommunen, i tillegg til å gje råd og rettleiing for pasientar, pårørande og helsepersonell og samarbeide tverrfaglig med andre aktuelle aktørar.

Open omsorg

Utviklinga i heimebaserte tenester					
Tal brukarar i året		Tenestetimar pr veke		Funksjonsevne	
2008	2009	2008	2009	2008	2009
104	113	238,45	275,23	1,80	1,83

Dei fire sonene har omtrent like store område og befolkningsgrupper. Brukartalet er også mykje likt. Personalmengda varierer frå i underkant av 10 stillingar i Ytre Gulen til 5 stillingar i Dalsøyra region. Grunna nedbygging av sjukeheimen, og at pasientar vert tidlegare utskrivne frå sjukehus, med fleire oppgåver overført til kommunehelsetenesta, er det trong for auka kompetanse på personalet vårt. Ei stor utfordring for sonene våre er å skaffe nok kvalifisert personale.

Kommunale bustader (PU)

Ein del av omsorgstenesta er knytt opp til utviklingshemma personar. Kommunen kjøper tenester på dagtid til ein brukar. Fem vaksne brukarar får tenester i eigen heim av eige personale. Eit husvære vert nytta til avlasting. Resten av brukarane i denne gruppa får tenester av personale tilsett i dei heimebaserte tenestene i Eivindvik sone.

To tilsette er starta opp med vernepleieutdanning på deltid. Tenesta har ikkje fått nye brukarar i løpet av året.

Helsetenestene

Eining for helse omfattar helsestasjon/skulehelseteneste med 1,4 stilling helsesøster. Gulen kommune kjøper 20% jordmorstilling frå Masfjorden kommune. Gravide frå Gulen må reise til Hosteland for konsultasjon av jordmor.

Legetenesta består av tre fastlegar som har driftsavtale med kommunen, i tillegg til legevakt og faste kommunale stillingar for å utføra offentlege legeoppgåver. Kommunen kjøper AMK-teneste frå Helse Førde. Kommunen har no gjort politisk vedtak om å knytte seg til Nordhordland interkommunale legevakt. Hausten 2009 vart det gjennomført vaksinerings mot svineinfluensa etter nasjonale retningslinjer.

Gulen kommune har 1 stilling som ergoterapeut fordelt på to 50% stillingar.

Fysioterapitenesta er organisert med 70% driftsavtale, og 30% fastløn.

Psykiatritenesta omfattar 2,65 stillingar. Tenesta har og støttekontaktar og arbeidstiltak for nokre personar. Mål for drifta er å vera eit lavterskeltilbod i forhold til psykisk helse. Innbyggjarane kan ta direkte kontakt og spørja om hjelp/informasjon, og det gjer dei.

Barnevern

Frå 17.03. vart Barnevern eiga tenesteeining.

Det er tilsett einingsleiar i 100% stilling, og barnevernskonsulent i 100% stilling. Frå juli til oktober var ein stilling vakant. Tenesta hadde 9 undersøkingar, og av desse førte 8 til tiltak. 21 barn får hjelpetiltak. Tenesta har tilsynsansvar for fire barn.

Barnevernet er ein del av KLAFF- gruppa, og deltek i det kommunale kriseteamet.

NAV

NAV Gulen vart etablert i mars 2009, og er et partnerskap mellom NAV og Gulen kommune. Gulen kommune finansierer 0,5 stilling som leiar og 1,2 stilling som rådgjevar.

NAV Gulen har som mål:

- Brukarane skal oppleve god service hos NAV Gulen.
- NAV Gulen skal motivere alle brukarar til å kome i arbeid eller anna from for aktivitet.
- Alle brukarar under 25 år skal vere i aktive tiltak, dvs. dagleg aktivitet med faste tidsrammer.
- NAV Gulen skal motivere brukarar til mobilitet og fleksibilitet i forhold til marknad og yrkesval.
- NAV Gulen skal være tydelege på roller og ansvarsforhold i samspel mellom bruker og tilsett. Det er viktig at brukar tar ansvar i egen situasjon/prosess.

Den kommunale tenestemenyen (tenester som før vart administrert frå sosialkontoret) er: Økonomisk sosialhjelp, Kvalifiseringsprogrammet (måltal 3 personar i 2009), Råd og rettleiing, Bustad til vanskeligstilte, Bustøtte frå Husbanken, Parkeringskort, Dør til dør-transport, Følgjekort, Gjeldsrådgjeving, Særlig tiltak rus, Støttekontakt, Avlastning, Personlig assistent, Omsorgsløn.

Det har vore ein merkbar nedgang i sosiale ytingar frå 2008 til 2009, mellom anna på grunn av den nye statlege satsinga Kvalifiseringsprogrammet. 29 personar fekk supplerande økonomisk sosialhjelp i 2009.

PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Planlegging

I 2009 vart det vedteke 3 arealplanar, 2 reguleringsplanar og 1 rullert kommuneplan. I løpet av året vart 4 nye reguleringsplanar starta opp, og 4 ventar på planoppstart. På grunn av vedtak av kommuneplanen sin arealdelen gjekk 1 reguleringsplan ut. I juli vart ny plan- og bygningslov sett i kraft. Kommunane i Nordhordland og Gulen har gjort mykje arbeid med oppdatering av startpakke for private reguleringsplanar.

Byggjesaker

Byggjeløyve for bustader, hytter og andre bygg								
	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
Bustader	14*	8	5	5	9	9	9	10
Hytter	24**	28	45	41	22	37	17	20
Andre bygg	20	9	6	9	15	15	15	14

* Av desse: 9 i regulerte felt ** Av desse: 22 i regulerte felt

Gulen har dei siste åra vore av dei mest populære hyttekommunane på vestlandet.

Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingsarbeid			
	Journalførte rekvisisjonar	Ferdighandsama saker	Utsende faktuarer
2009	68	50	50
2008	34	30	29
2007	84	74	49
2006	93	93	90
2005	75	124	91

50 saker vart avslutta i 2009. Grunna mykje prosjektarbeid vart det hyra inn ekstrahjelp i 80 % stilling frå februar og ut året for å ta unna delingssaker.

Talet på nye saker har gått noko opp frå i fjor. Det er lite eldre saker som ikkje er ferdige. Som førebuing på overgang til ny matrikkellov frå 01.01.2010, har det vore brukt ein del tid til kursing og seminar. I ny matrikkellov er det krav om sakshandsamingstid på 3 mnd., og heilt ned i 4 veker på nokre typar delingssaker.

Landbruk

Produksjonstilskot i landbruket			Regionale miljømiddel		Avløyasing ferie og fritid		Refusjon for sjukeavløyasing	
	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)
2009	112	17,63	73	0,62	94	3,23	14	0,32

2008	114	16,19	93	0,67	98	3,25	11	0,36
2007	119	15,59	97	0,64	105	3,03	10	0,30
2006	125	14,98	97	0,68	111	3,28	9	0,18
2005	126	15,71	110	0,60	114	3,00	8	0,12

Kommunen har i lokal forskrift fastsett generell spreiefrist for husdyrgjødsel til 20.09. Kommunen behandla 22 søknader om dispensasjon etter dette sprietidspunktet.

Jordbruket er ei stor næring i kommunen, sjølv om det har vore nedgang i talet på aktive brukarar dei siste åra. Trenden er nedgang i tal brukarar, men større bruk.

I 2009 vart det gjeve tilbod om BU-midlar til 2 søknader frå Gulen, begge til utvikling av tradisjonelt landbruk.

Gulen fekk tildelt i alt kr 240 000,- til søknader etter Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar) og Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-midlar). Midlane vart fordelte på 14 søkjarar.

Kommunen har kjøpt skogfagleg kompetanse lokalt også i 2009.

Viltforvaltning

Hjortejakta i Gulen kommune							
År	2009	2005	2000	1995	1990	1985	
Kvote	638	520	503	313	267	277	
Felte dyr	stk.	566	433	414	252	154	181
	%	88,7	83	82,3	80,5	57,7	65,3

I 2009 hadde kommunen 4 storvald og 36 ordinære vald. Storvalda fekk tildeling etter godkjende bestandsplanar over 3 år, dei andre fekk retta avskyting.

Under vårteljinga vart det sett 1827 dyr, ein nedgang på 160 dyr frå året før.

Kommunen arrangerte jegerprøveeksamen for 7 personar, og fekk inn 33 meldingar om skadevilt, mellom desse 15 meldingar om daude dyr: 3 oter og 12 hjortedyr. 6 hjortedyr vart avliva på staden. 9 meldingar handla om påkøyrslar der hjortedyret vart friskmeldt og 3 ettersøk gav ikkje resultat.

Viltfondet fekk inntekter frå fellingsavgiftene på kr 171 570, som vart nytta til å betale kommunale oppdrag, tilskot til søkjarar og faste oppdrag som er inngått med kommunen.

Fiskefondet vart ikkje nytta i 2009.

Brann- og feiarvesen

Brannvernet i Gulen er organisert med hovudbrannstasjon i Eivindvik med 16 mannskap, og depotstasjonar i Brekke, på Dalsøyra og på Byrknes med 10 mannskap kvar. Betre tilhøve for radiosamband og utskifting/supplering av sambandsutstyr har vore prioritert i 2009, og må vidareførast.

Brannførebyggjande arbeid skjer gjennom NGIB (Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling). I dei 7 åra dette samarbeidet har vart er det avdekka behov for betre brannteknisk dokumentasjon for dei kommunale bygga. Dette arbeidet er ikkje kome i hamn i 2009 og må arbeidast vidare med i 2010.

Gulen var i heile 2009 med i felles feieteneste for kommunane Modalen, Masfjorden, Solund og Gulen. Masfjorden kommune har arbeidsgjevaransvar for feiaren.

Gulen kommune har i året arbeidd saman med Masfjorden kommune å revidere brannordningane som eit felles prosjekt. Dette arbeidet vil halde fram i 2010.

Brekke Depotstasjon flytta i haust ut frå leigde lokale hjå Sætre Eigedom på Ortneset og inn til leigde lokale i garasjebygget til Brekkebygda bensinstasjon.

Det har vore brukt meir ressursar til brannøvingar, utrykningar og utstyr enn budsjettet.

Kommunale vassverk

Eivindvik vassverk: Forbruket av vatn har i 2009 vore på ca 63 000 m³, ein liten nedgang samanlikna med dei siste åra, og innanfor kva ein kan forvente i høve til tal abonnentar. Dette tyder på at det ikkje er større lekkasjar. Resultat frå vassprøver teke kvar månad viser at drikkevatnet held jamt god kvalitet, og at det ikkje er forureining av vasskjelda.

I 2009 vart lagt ut ca 1,6 km sjøleidning frå Eivindvik til Tusenårsstaden, Flolid.

I samsvar med tidlegare pålegg gitt frå Mattilsynet har vassverket i løpet av hausten 2009 delteke på eit 3 vekers kurs for driftsoperatørar.

Drikkevassforskrifta set krav om to hygieniske barrierar. UV-filter vil verte installert i løpet av første halvår 2010, i tillegg til eksisterande membranfilter.

Mykje av leidningsnettet byrjar å bli gammalt, og er blitt utvida/påbygt opp i gjennom åra. Ein del vedlikehald må såleis påreknast framover. Risiko og sårbarheitsanalyse for var ferdig i desember. Arbeid med beredskapsplan for vassforsyninga vil pågå i 2010.

Hovden Høgdebasseng: Leveranse frå Masfjorden har i snitt vore på rundt 100m³/døgn. Vatnet har halde jamt god kvalitet. Spesielt i samband med den tørre/varme perioden før sommarferien og kulda i desember har det vore vanskeleg å halde oppe nivået i bassenget. I tillegg har ujamnt uttak av vatn til industrien på Sløvåg skapt utfordringar.

System for fjernavlesing av vassmålarar langs leidningstraseen til Sløvåg industriområde er under arbeid, for å ha god kontroll med forbruk og eventuelle lekkasjar.

Avlaup

Forprosjekt for opprustning av kommunalt avlaup frå Byrknes sone 1 (Barvågen) vart ferdig i 2009, og anbudsdokument er forventa ferdig i løpet av mars -10.

Innmåling av kommunalt leidningsnett for vatn og avlaup vart påbyrja sommaren 2008 og har halde fram hausten 2009. Her gjenstår mykje arbeid, men målet er at digitalisering inn på kartdatabasen i store trekk skal vere klart i løpet av 2010.

Renovasjon

Oppgåvene knytt til denne tenesta er overtatt av NGIR, med unnatak for fakturering.

DRIFT OG VEDLIKEHALD

Alle kommunale bygg og anlegg vart samla under tenesteeininga Drift og vedlikehald frå 01.01.2004. Vaktmeistrane og reinhaldarane, med unnatak for reinhaldarane på Gulen sjukeheim og bu- og omsorgssentra, er plasserte innfor eininga. Til saman 14,0 årsverk. I 2009 løyvde staten ekstra vedlikehaldsmidlar til kommunane, som eit motkonjunkturtiltak for bygg- og anleggsbransjen. Kr 3,2 mill. vart disponert til ulike prosjekt i K.sak 8/09. Tilhøva i marknaden gjorde det enklare enn åra før å få gjennomført kommunale prosjekt innfor forsvarlege tids- og kostnadsrammer.

Bygg

I 2008 vart vedlikehaldsetterslepet på kommunale bygg i Gulen kommune utrekna til kr 84,3 – 110 millionar over ein 10-årsperiode. Viktige vedlikehaldsoppgåver i meldingsåret var: Ombygging av lokale for NAV, oppussing av rehabiliteringsavdeling/kontor på Gulen sjukeheim og ymse arbeid ved skulane (særskilt Byrknes skule). Bygging/rehabilitering av kommunehuset og Byrknes barnehage var viktige investeringsprosjekt.

Vegar og uteanlegg

Kr 2,2 mill. av dei ekstra vedlikehaldsmidlane vart nytta til vegtiltak som reasfaltering, utbetring av veg til Norddal og sving i Brossvika, registrering av kommunale bruer, grusing/grøfting på Hisarøy og reparasjon av flaumskade på Kjelbju.

Nytt gangfelt og utbetring av veg frå Rv 57 til Dalsøyra skule vart fullført i 2009.

Dei siste åra har mykje av kommunen sitt slåtteutstyr vore fornya. I tillegg til slått rundt kyrkjene, gravplassane og kommunale bygg, hadde kommunen i 2009 oppdraget med slått på Tusenårsstaden Gulatinget.